

Førde, 10. juni 2017

Helse Førde ved konstituert Administrerende Direktør Børge Tvedt
Helse Førde ved Utviklingsdirektør Anne Kristin Kleiven
Brukarutvalet i Helse Førde ved Leiar Solfrid Fossberg

Kopi til:

Brukarutvalet i Helse Vest ved leiar Linn Bæra
Styret i Helse Førde ved Styreleiar Agnes Landstad
Kontrollkommisjonen for Førde Sentralsjukehus, Psykiatrisk Klinikkk og Ungdomspsykiatrisk Avdeling
ved Leiar Bjørn Gunnar Sælen
Funksjonshemmedes Felles Organisasjon (FFO) ved Leiar Geir Liavåg Strand

BRUKARMEDVERKNADEN I HELSE FØRDE

I Utviklingsplanen for Helse Førde 2015 til 2030 blir det påpeika at det er særskilt viktig å klargjere det framtidige tenestetilbodet for personar med psykiske lidningar og rusproblem. Planen skal sikre pasientane medverknad i alt som gjeld dei sjølve og skal føre til ein myndigare brukarrolle i eit system som er prega av likeverd og respekt.

Diverre viser det seg at våre organisasjonar ikkje er representert i viktige utval eller prosjekt som vedkjem våre medlemmer. Vi kan difor ikkje sjå at intensjonen med brukarmedverknad blir praktisert på ein god måte og ynskjer endringar. I Helse Bergen og Helse Fonna trekk dei inn ressurspersonar utanfor Brukarutvalet for at viktige erfaringar og kunnskap kan brukast til utvikling av gode tenester innan ulike fagfelt. Dette er vanleg praksis i andre helseføretak også. Problemstillingen har blitt tatt opp med leiar i Brukarutvalet Solfrid Fossberg og med tidlegare direktør for Klinikkk for psykisk helse Børge Tvedt utan resultat.

I «Funksjonsprogram Psykisk Helsevern Helse Førde», datert 26.05.2017, står under pkt. 2.3.: *Det ble organisert en bred brukarmedverknad (vår utheving) fra barne- og ungdomspsykiatrisk avdeling (BUP), Ungdomspsykiatrisk avdeling (UPH) og frå psykisk helsevern for voksne (PHV).* Ser ein på deltakarane i prosjektet, er det ingen brukarrepresentantar på oversikta innan BUP og UPH. PHV vaksne har berre ein brukarrepresentant fra Norges Handikap Forbund. Vi stiller oss spørjande til denne "breie" brukarmedverknaden og ber om ei orientering.

Dokumentet «Pasientens helseteneste, roller i program og prosjekt», datert 17.03.2017, viser at det ikkje er med ein einaste brukarrepresentant frå brukarorganisasjonane innan psykisk helse og rus i prosjektet «Pasientens helseteneste».

Dokumentet «Oversikt over prosjekt- og arbeidsgruppe / Brukarutvalet i Sogn og Fjordane», datert 15.02.2017, viser at ein brukarrepresentant frå organisasjonane innan psykisk helse og rus er med i nokre råd/utval. Dersom rådet/utvalet har fleire brukarrepresentantar, så har ikkje den andre tilknytning til brukarorganisasjonar innan fagfeltet (det same i Klinikkrådet for Psykisk Helsevern og Avd. råd ved Psykiatrisk Klinikkk som ikkje står på denne oversikta). Brukarorganisasjonar innan psykisk helse og rus er heller ikkje representert i Koordineringsrådet som har ei særleg viktig rolle for samhandling mellom Helse Førde og kommunane.

I retningslinjer for mandat, oppnemning, konstituering og arbeidsform i Helse Vest, Helse Sør Øst, Helse Nord og Helse Midt-Norge blir det m.a. peika på: «*Erfaringskompetansen til brukarane*» og

«brukarkompetanse» blir nytta synonymt. Slik vi forstår det i det dokumentet, er det personar med eigne erfaringar som pasientar og pårørande, fortrinnsvis i spesialisthelsetenesta, som har slik kompetanse. Personar med brukarkompetanse har gjennom dialog med andre i same situasjon (vanlegvis i brukarorganisasjonar) vore gjennom ein prosess der personlege erfaringar er bearbeida slik at dei blir omgjorde til generaliserte perspektiv.

Vi ber med andre ord om auka medviten om at kvart fagfelt representerer ulike erfaringar og kompetanse, og forventar at våre organisasjonar blir snarleg representert i viktige råd, utval og prosjekt innan rus og psykiatri i Helse Førde slik det er opning for i retningslinjene for Brukarutvalet og nasjonale retningslinjer. Når spesifikk fagkompetanse ikkje er representert i Brukarutvalet ber vi om at dei henvender seg til interesseorganisasjonane for å trekke inn relevante ressurspersonar. Det er kun på denne måten at vi kan sikre at brukarane sine behov faktisk blir tatt på alvor.

Med helsing,

Landsforeningen for Pårørande innen Psykisk helse (LPP) i Sogn og Fjordane
v/ leiar Ragnhild- Lise Korsvoll
Sign.

Mental Helse i Sogn og Fjordane v/ leiar Gerd Bjørkedal
Sign.

Rusettervernet i Sogn og Fjordane ved fylkessekretær Eysteinn Udberg
Sign.

Vedlegg:

- 1)Funksjonsprogram Psykisk helsevern, Helse Førde HF 26.05.2017
- 2)Pasientens helseteneste, roller i program og prosjekt datert 17.03.2017
- 3)14.02.2017. Oversikt over prosjekt og arbeidsgruppe. Brukarutvalet i Sogn og Fjordane
- 4)Felles retningslinjer for brukarmedverknad. Vedtatt i styret 28.04.2017